


# Sak til årsmøte 2024, Botn Vel

## Leikeplass og pumptrack

Det er i reguleringsplanen for Botn sett av to områder til leikeplass, BLK2 og BLK3 (grøne felt). BLK3 er området som allereie er planert, medan BLK2 ikkje er planert endå. BLK2 er noko mindre enn BLK3 på grunn av ein nettstasjon som er plassert på området. Nettstasjonen skal etter det styret veit ikkje påverke bruken av området elles.



Gjennom 2023 har styret jobba med ein plan for BLK3, der ein har vore i kontakt med ulike leverandørar av apparat til leikeplass. Det vart etter kvart landa på at den mest aktuelle leverandøren var "Søve AS", som kom med eit forslag til utforming der både dei minste og dei eldste sine behov var ivaretekne. Totalprisen på anlegget til Søve kom på ca 500.000kr, dette var utan timar for montering som var tenkt utført på dugnad. Til informasjon er det ikkje inngått noko avtale eller kontrakt med Søve AS endå.



Styret i Botn Vel jobba i haust med å prøva å få finansiering til leikeplassen, men dette har vist seg å vera vanskelegare enn venta. Det er totalt søkt om 573.000kr, men det har ikkje blitt innvilga meir enn 15.000kr, dvs langt unda totalbudsjettet for leikeplassen. Det er heller ikkje mogleg å søka om spelemidlar for etablering av leikeplass.

Etter styret starta å jobba med leikeplassen BLK3, har det komme inn innspel om å etablere sykkelbane, også kalla "pumtrack" på ein av leikeplassane. Med bakgrunn i ovanstående og manglande finansiering av den opprinnelege planen, har difor styret sett opp fylgjande forslag:

- **Leikeplass BLK3 blir opparbeida til pumtrack, med eit lite område for sosial sone/benker eller liknande. Pumtrack er definert som eit treningsanlegg, og det kan difor søkast om spelemidlar.**
- **Leikeplass BLK2 blir opparbeida til ein litt enklare leikeplass enn det som var forslaget til Søve AS.**

Styret har vore i kontakt med fleire leverandørar av pumtrack, og har komme til at det beste forslaget er frå Rekkje AS. Rekkje AS er også lokale (frå Sogndal) og har levert pumtrackbane til både Hodlekve skisenter, Seimsdalen og leikeplassen på Kjørnes. Rekkje har gitt ein pris på 588.000kr + mva for pumtrack i Botn, detaljert budsjett er vedlagt. Det vil vera mogleg å søka om moms-refusjon.

Pumtracken vil ha eit areal på ca 200m<sup>2</sup> og er asfaltert, noko som betyr eit minimum av vedlikehald.

Eksempel på tilsvarande pumtrack som Rekkje har bygd i Tromsø:



Skisse for pumptrack i Tromsø, må justerast noko i breidderetninga for å få plass på BLK3.



Styret har vidare vore i kontakt med Hafslo IL og Luster Kommune om prosessen rundt spelemidlar. Diverre hadde Luster Kommune frist for innspel til nærmiljøanlegg i mai 2023 for anlegg som skal prioriterast i kommande 4-års periode. Neste moglegheit for å få nye anlegg inn på planen til Luster Kommune vil vera i 2025, med mogleg realisering i 2026.

Hafslo IL har stilt seg positive til å ta pumptrack-bana inn på anleggsplanen til Hafslo IL, dette er eit alternativ til å søka direkte til Luster Kommune frå velforeninga. Det er også

mogleg å jobbe på “begge spor” fram til fleire detaljar er avklart. Luster idrettsråd kan kanskje også vera ein bidragsytar for å få anlegget inn i planen til Luster Kommune.

Luster Kommune, ved Erling Bjørnetun, har elles gitt svært positive signal til anlegget og meiner det er stor sannynlegheit for å få fullfinansiert anlegget via spelemidlar og kommunale midlar.

Når det gjeld BLK2, har styret sett opp to alternativ:

### **Alternativ 1 - Det enkle er ofte det beste**

Med bakgrunn i at det var vanskeleg å få finansiering til leikeplass-apparata frå Søve, foreslår styret å heller investera i noko rimelegare leikeplass-apparat. Dette vil bety apparat som vil krevja noko meir vedlikehald.

Eksempel “Jabo lekeborg” frå byggmax (11.920kr):

<https://www.grontfokus.no/hytter-og-boder/lekeapparater/jabo-lekeborg-411669>

Anna innhald kan vera huskestativ, sandkasse, sølekjøken og kanskje ei lita fotballbane?



Leikeplassen kan utformast med fleire slike rimelegare apparat, og kanskje kan ein del byggast på dugnad?

### **Alternativ 2 - Søve AS eller tilsvarande**

Alternativ 2 er å gå tilbake til Søve AS eller andre proffesjonelle leverandørar og be om eit revidert tilbod. Sjølv om ein går noko ned på antall leikeappart, vil kostnaden truleg bli høg.

Eit slikt anlegg vil bli meir vedlikehaldsfri, og kanskje betre enn alternativ 1 - men vil ta lang tid å få realisert med mindre nokon vil støtta velforeninga økonomisk.

Luster Kommune har vore kontakta om finansiering av leikeplass, men velforeninga har fått til svar at kommunen ikkje støttar leikeplassar i velforeningar/byggefelt.

*Styret er innstilte på alternativ 1, med mål om å få på plass heile eller deler av leikeplassen i 2025. Styret ynskjer vidare at det blir sett opp ei arbeidsgruppe for å finne gode løysingar og finansiering for leikeplassen.*

For begge alternativa må området BLK2 opparbeidast noko, dette skal Hans Nes Bygg AS utføre som ein del av grunnarbeidet i byggefeltet.

Utklipp frå reguleringsplanen:

### **6.3 Før bygg vert teke i bruk**

- a. Før bustader får bruksløyve, skal gang- sykkelveg og fortauet langs hovedvegen vere asfaltert.
- e. Leikeområda BLK skal planerast/tilretteleggjast for formålet og gangvegssystem skal opparbeidast samtidig som annan offentleg infrastruktur og før bustadane i områda BKS og BFS vert tekne i bruk.
- b. Tursti langs vatnet skal opparbeidast og/eller vere sikra opparbeidd samstundes med andre vegar i planområdet.
- c. Tursti på nedsida av tomtene BFS4 og BFS5 skal opparbeidast og/eller vere sikra opparbeidd før bustadene vert tekne i bruk.

## **Avstemming:**

**Med bakgrunn i ovanstående, ynskjer styret at det blir stemt over fylgjande i årsmøtet for Botn vel, 2024:**

1. Årsmøtet ynskjer at det blir jobba vidare med pumprack på leikeplass BLK3, med mål om realisering innan 2026. Området blir låst til pumprack fram til eventuelt nytt vedtak seier noko anna. Det vil vera mogleg å nytte området til midlertidige tiltak i perioden.

Dersom fleirtalet er nei, ynskjer styret innspel til kva BLK3 skal innehalda.

**Ja/Nei**

2. Årsmøtet ynskjer at det blir jobba vidare med alternativ 1 til leikeplassområde BLK2. Årsmøtet er inneforstått med auka behov for vedlikehald ved dette alternativet. Dette kan f.eks løysast ved dugnad.

**Ja/Nei**

# Leikeplass 2024-2026

